

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (varamedlem) og Randi T. Legård.

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Skule, lærarrommet

Tid: Torsdag 10. januar 2013 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste:

Sak 1/13: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Sak 2/13: Godkjenning av satsar for styrehonorar og møtegodtgjersle

Sak 3/13: Høyring driftsplan Hardangervidda

Sak 4/13: Mogeleg ulovleg jakt på Røldal Statsalmenning 20. og 21. august 2012

Sak 5/13: Post og meldingar

Sak 6/13: Mogelege andre saker

Sak 1/13: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknader

Sak 2/13: Godkjenning av satsar for styrehonorar og møtegodtgjersle

Satsane som vart vedtekne på første styremøte i 2012 vart godkjende

Sak 3/13: Høyring driftsplan Hardangervidda

Utkast var sendt ut på mail på førehand

Det var ingen merknader

Vi svarte på ei spørjeundersøking som var svarfrist 11. januar

Randi scannar svaret og sender det på mail til Hardangervidda villreinutval

Sak 4/13: Mogeleg ulovleg jakt på Røldal Statsalmenning 20. og 21. august 2012

Fjellstyret hadde fått inn denne saka til møtet:

Sak til Fjellstyremøte 100113.

Mulig ulovlig jakt på Røldal Statsalmennin g 20. og 21. august 2012

HA 290 søkte våren 2012 om en samjaktavtale med Røldal Fjellstyre for villreinjakta 2012. Som kompensasjon for en avtale ville HA 290 la jegrer fra Røldal kjøre veien fra fra bommen ved DNT garasjen i Valldalen til Middalsbu.

Saken ble behandlet i fjellstyre og HA 290 fikk tilbud om en samjaktavtale. HA 290 valgte å takke nei til avtalen med begrunnelse i at avtalen ikke var god nok for valdet. Så lenge HA 290 ikke fikk tilgang til hele Røldal Statsalmenning for alle sine fellingsstillateler ble det takket nei og det ble poengert at veien til Middalsbu ville være stengt for røldalsjegrene.

I tillegg sa både Helleik og Nils Petter Rabbe fra seg sine allerede tildelte fellingsstillateler for Røldal Statsalmenning.

Etter jakta var det lagt ut bilder på Facebook fra første jaktdagen, og seinere kom en reportasje i magasinet FRI. I reportasjen er det opplyst at jakta har foregått på Holmevassreet og at det ble skutt

13 dyr første jaktdagen og ett dyr andre dagen. Terrenget som vises på bildene viser at området der jaktingen har foregått ligger høyere enn Holmevassreet og ved et vatn.

Ut fra kjennskap til HA290 sitt område finnes det ikke slikt terrengr innenfor HA 290 sine grenser i nærheten av Holmevassreet, følgelig kan jaktingen ha foregått på Røldal Statsalmenning.

Forslag til vedtak:

Røldal Fjellstyre oversender kopi av referat av sak.... fra styremøte 1/2013 til politiet med anmodning om å starte etterforsking for å finne ut om det er benyttet fellingstillatelser for HA 290 på Røldal Statsalmenning første og andre jaktdagen under villreinjakta 2012

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart nedstemt, 4 stemte imot forslaget og 1 stemte for.

Sak 5/13:

Post og meldingar

- a) Haustmøtet på Skinnarbu (Referat frå styremøtet var sendt på mail)
- b) Informasjon om sak 60/12 Bruksendring ved Kaldevatn
- c) Oppsummering salg av fiskekort og småviltjaktkort.
 - Her er mykje rot, må få det ut på nettet, gjennomgang seinare
- d) Fagdag 2013 på Gardemoen (Innbyding var sendt på mail)
- e) Innspel til seminar om rekruttering (Vårt svar var sendt på mail)
- f) Spørjeundersøking om rypeforvaltning 2012(Vårt svar var sendt på mail)
- g) Sluttoppgjer SfH. Røldal fekk 9727,- kr
- h) Referat Ullensvang Fjellstyre 16. oktober (Referat var sendt på mail)
- i) Referat frå Fellesstyret sitt møte 23.okt. (Referat var sendt på mail)
- j) Jaktkort på mail
- k) Møte i Ullensvang 17. januar. Tiltak for å auka fellingsprosenten.
 - Ellen reiser
- l) Spørjeundersøkinga blant jegiane
 - Randi og Ellen tek oppiteljing før neste styremøte
- m) ROU-midlar 10.000,- er brukte til lavvo og flytransport
 - Lavvoen skal vera lett for ungdom å få låna
- n) Melding om revarding av løypa Hellevassbu - Haukelisæter (langs pilgrimsvegen frå Ulevå)

Sak 6/13:

Mogelege andre saker:

- a) Teikningar nytt kjøkken på Ninive. Annfinn og Frode hadde kome med teikningar til nytt kjøkken. Dei kunne og gjera arbeidet.
Vedtak: Det er OK.
- b) Spørsmål om å vera med å arrangera kommunen sitt 100-årsjubileum.
Svar: Nei
- c) Fjellhelg - vi kan vera med å sponsa eventuelle foredrag.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi T. Legård.

Stad: Røldal Skule, lærarrommet

Tid: Måndag 28. januar 2013 kl. 18.00 - 21.00

Sakliste:

- Sak 7/13:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
Sak 8/13: Nye leigekontraktar for stolar og beite
Sak 9/13: Gamlebua - ferdigstilla oppussingsarbeidet
Sak 10/13: Spørjeundersøking om reinsdyrjakta 2012 blant innanbygdsbuande jegrar
Sak 11/13: Felles tiltak i samband med jakta
Sak 12/13: INatur 1. Oppgradering av sida vår
 2. Undersøka kostnad med å selja fiske- og småviltjaktkort gjennom dei
Sak 13/13: Post og meldingar
Sak 14/13: Mogelege andre saker

Sak 7/13: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknader

Sak 8/13: Nye leigekontraktar for stolar og beite

Helleik informerte om ulike alternativ for kontrakt.

Det vart vedteke å ha eit møte med leigetakarane 3. mars kl. 18.00 i Røldal der ein kjem fram til nye beitekontraktar der og vedlikehald av husa blir teke med.

Sak 9/13: Gamlebua - ferdigstilla oppussingsarbeidet

Løland, Oddvar og Sigve har tilbudt seg å gjera arbeidet ferdig (andre halvdel av taket og vindauge), og det vart vedteke at det kan dei gjera. Det vil også bli sett opp lapp på Handelslaget om at fleire og kan vera med dersom dei ynskjer. Utgifter til scooter blir dekka etter staten sine satsar i tillegg til at Fjellstyret held maten.

Sak 10/13: Spørjeundersøking om reinsdyrjakta 2012 blant innanbygdsbuande jegrar

Ellen og Randi hadde gått gjennom spørjeskjemaene og sett opp resultatskjema med kommentarar. Vi såg gjennom resultatet og vil ta det til etterretning.
(resultatet ligg ved)

Sak 11/13: Felles tiltak i samband med jakta

17.januar vart det halde møte i Kinsarvik der alle vald var innkalla. Der vart det teke opp kva som kan gjerast for at villreinen tek i bruk større deler av vidda. Konklusjonen vart at alle skulle drøfta fylgjande framlegg i sine fora.

Alt. 1: Freda frå 1. - 10. september over heile Hordaland

Alt. 2: Freda korridorar

Alt. 3: Kombinasjon av 1 og 2

Alt. 4: Ikkje gjera noko

Vedtak: Vi går inn for freda korridorar i tillegg til at vi ynskjer tidlegare jaktstart som tilleggstiltak (15. august)

Sak 12/13: INatur

1. Oppgradering av sida vår
 2. Undersøka kostnad med å selja fiske- og småviltjaktkort gjennom dei
- Vedtak: Vi må ha eit eige møte med gjennomgang av sida. Helleik kjem tilbake med tidspunkt for møtet.

Sak 13/13: Post og meldingar

- a) Trine er ikkje heilt fornøyd med fiskereglane våre, så ho ynskjer eit møte med oss for å revidera dei.
- b) Atle hadde tatt heim brannslokkingssapparata som var feilinnkjøpte.
- c) Vi må ha ein gjennomgang av forsikringane for alle stølane og hyttene saman med forsikringsselskapet.

Sak 14/13: Mogelege andre saker

- a) Haslemosaka

Vedtak: Saka blir lagt på is så lenge vegtraseen ikkje er klar og 50 meter på kvar side av vegbanen er bandlagd.

Torleif har snakka med E-verket om å få straum over til stølane. Dei måtte ha det skriftleg og kor vi ville ha det. Ellen skriv brev til E-verket.

- b) Røldalsmarknaden:

Vi vil snakka med SNO først om dei kan koma, elles ta kontakt med Nils Åge som i fjor.

- c) Bruk av vegen til Kaldevatnet.

Torleif hadde forslag om å ta kontakt med Hydro om at Fjellstyret er grunneigar og bør ha nøkkel til vegen.

Ellen ville snakka med dei andre grunneigarane først.

Randi T. Legård (ref)

RESULTAT SPØRJEUNDERSØK.

Røldal fjellstyre ynskjer å gjennomføra ein spørjeundersøkelse ang. reinsdyrjakta 2012 for innenbygdsbuande reinsdyrjegerar i gamle Røldal kommune. Skjemaet kan sendast inn anonymt. Det gjer ein på følgjande måte:

Fyll ut svar på spørsmåla i skjemaet, legg skjemaet i ein blank konvolutt, legg denne konvolutten i ein ny konvolutt der du skriv namnet ditt og send den til:

Røldal fjellstyre v/ Ellen Drangevåg, Bergshagen 12, 5760 Røldal.

NB! Kvar jeger kan kun senda inn eitt svarskjema.

1. Nattefredning: Korleis meinar du innføring av nattfredning i frå kl. 17:00 til 09:00 har fungert?	Heilt einig, eit godt tiltak!	Heilt ueinig, bør væra som før (19:00 til 07:00)	Har du forslag til andre alternativ?	
	23	6		
2. Sammjaktsavtalen med Odda / Ullensvang? Kva tykkjer du som jeger angåande sammjaktsavtalen med Odda / Ullensvang? NB! Vi gjer merksamde på at vi har prøvd å utvida område, det ynskjer ikkje Odda / Ullensvang å imøtekoma. Skal vi ha avtalen, så blir den som i dag.	Heilt einig, eit viktig område for oss.	Heilt ueinig, vi får alt for lite område av Odda / Ullensvang i forhold til det område dei kan nyttja hos oss.	Har du andre synspunkt?	
	20	9		
3. Sammjaktsavtalen med private grunneigarar i Røldal? Tykkjer du det er rett at jegerane med private kort må halda seg vest for turiststien mellom Litlos / Hellevassbu / Haukeliseter (med mindre dei også har kort på Røldal statsallmenning)?	Heilt einig, for mykle folk frå.	Heilt ueinig, viktig å ha sammarbeid.	Har du andre synspunkt?	
	6	25		

4. Ynskjer du at me skal arbeida for å få til sammarbeidsavtale med Vinje?	Heilt einig!	2	Heilt ueinig!	Har du andre synspunkt?	
Røldal fjellstyre har diskutert mogelegeheitene til å gå i dialog med Vinje, for få til eit sammarbeid med Vinje kommune. Eit mogeleg tiltak kan vera å tilby Vinje x antal kort mot at x antal jegerar frå Røldal får gå på øvre del av Vinje. Dette vil medføra at me taper inntekter på kortsalg. Andre ulemper dette kan medføra:		9	11		
1.) Begrensning i privat mulighet til å kjøpa seg inn på Vinje pga antall jegerar Vinje ynskjer i området.					
2.) Mø får kun moglegheter til å jakta på kvardagane (mandag til fredag) og med start i september. (i år vart det etter 17. sept.)	15	6			
3. Vil dette medføra at det vert endå vanskelegare å få dyra opp på Røldal?	17	10			
4.) Kven skal få gå på Vinje? Kan dette prioriterast etter same utvelgesen som vi har på rulering på kven som får bukk hjå oss i dag?	11	9			
5. Har du andre forslag som kan betra fellingsprosenten på Røldal? Er det behov for sammarbeid med andre instansar / grunneigarar for å få dette til?					
6. Er det saker du ser som er viktige at Røldal fjellstyre tek opp på haustmøte eller vårmøte der alle som arbeidar med reinsdyr er samla?					

Innleverte skjema: 31

Møtereferat frå styremøte 04.03.13

Godkjenning av innkalling. OK

**Sak 15/13 Uttale vedr. Ombygging og forsterking av dammer ved Kaldevatn.
(vedlegg brev/innspel frå T. Fresvik)**

Vedtak:

Sender T. Fresvik sitt forslag til statsskog.

–Røldal fjellstyre må få avklaring på bruksrett til veg, både i anleggsperioden og elles.

Sak 16/13 Brannvern og transport

Vedtak: Røde kors får tildelt oppdraget.

Lister for kva som skal gjerast av Røde kors skal utformast.

Ei vil setja oppslag på handelslaget om vaskedugnad.

Brannvern – kontrollskjema, : Helleik ordnar dette på Ninive. Ellen tek Hellevasshyttene.

Ein vil i vår ta med ein forsikringsmann (gjensidige) inn for å sjå over hyttene/vurdera nye forsikringar. I samband med dette må me søkja om køyreløyve.

Utbetring av kjøkken på Ninive: Annfinn og Frode får ansvaret i samband med montering av kjøkken.

Fjellstyret vurderer å ha hytta ståande open siom ei prøveordning for å unga innbrot og øydelegging av dørar og glas.

Sak 17/13 Fastsetjing av prisar på fiskekort

Korta er trykt/klar, - ønskje om samordning til neste år.

Forslag same prisar som 2012.

På sikt : få vekk blokker/papir – gå over til digital booking.

Sak 18/13 Post og meldingar

- Brev frå Kåre og Kristin Skromme: Søkjer om å leige Midtfjellsolle åleine.
- Brev frå Odda Kommune: Avslag på søknad frå 2012 der Røldal Fjellstyre søkte om midlar til mellom anna vedlikehald og trivselstiltak på hyttene.
- Det er sendt svar til dei andre fjellstyra om kva tiltak Røldal fjellstyre støttar i samband med villreinjakt.
- Brev frå Røldal fjellstyre er sende til :
- Statens vegvesen: *Førespurad om vegtrasè over Haukelifjell E 134.* 01.02.13
Odda energi. *Førespurad om straumkabel til stølar på Haukelifjell* 01.02.13

*Haukelifjell Røldal
Tidsskrift for Røldal*

*Einar Drangevåg
Ingeborg Flyne*

- Svar frå statens vegvesen vedr. E 134
- Grunneigarane langs Kaldevatn er oppringde.
- Det er kome innbyding/påmelding til vårmøte den 15. og 16. – mars.
- Søknad er sendt Tilsynsutvalet for Hardangervidda om fleire kjøreløyve pga komande arbeid på hyttene.
- Det er kome inn førespurnad om korvidt fjellstyret sine møtereferat kan leggjast ut på Røldal fjellstyre si nettside og kor papirutgåva av referatet skal vera å finna.
- Annonsering i Haugesunds avis om beite til leige frå 2013
- Det er seld førespurad om leige av møtelokale på Coop- Røldal.

E-post: (Desse skal vera mottekne av fjellstyret sine medlemer og vara)

24.02.2013: Røldal fjellstyre Fw: ***NY forvaltingsmodell?*** Frå J. Vaa

21.02.2013: Røldal fjellstyre Fw: ***Seterseminaret utset*** Frå Perly, NFS

20.02.2013: Røldal fjellstyre Fw: ***Innspel til drøfting om tiltak for å oppnå auka felling av rein på Hardangervidda*** Frå Røldal Grunneigarlag , N.P.Rabbe

14.02.2013 Røldal fjellstyre Fw: ***Nye Inatur - Nye muligheter.*** Frå INATUR, - Norge

11.02.2013 Røldal fjellstyre Fw: ***Oversendelse til Røldal fjellstyre for uttalelse - vedr. ombygging og forsterkning av dammer ved Kaldevatn***

Sak 19/13

Utlegg av møtereferat INATUR og fjellstyrene.no

Søkja om fleire løyve + ta med forsikringsman på hytterunde.

H.R

ED

TP

LQ.

Innspel frå J Vaa: Røldal er imot. Diskutert men ikkje fatta vedtak

Ad. fredningskorridor :

Førebels uttale frå Røldal fjellstyre vedr. oppretting av korridor for villreintrekk.

Røldal fjellstyre har diskutert saka og kome fram til at me bør vera med å støtta forslaget om å avstå grunn. Særleg interresant vil dette vera dersom Vinje også kan avstå areal.

Røldal den 04.03 13.

Røldal fjellstyre

H.R

Toreif Forsyth

ED

L. Ø.

Til

Ellen Drangevåg
Helleik Rabbe
Svein Myrheim
Torleif Fresvik
Randi Legård

MØTEREFERAT 18.03.13

Sak 20/13 Godkjenning av møteinnkalling og møtereferat fra møte 4.mars 2013
Godkjent

Sak 21/13 Utleige av stølane Nupshadlene og Midtfjellsollen.

SAKSUTGREIING:

Leige avtalene på Nupshadlene og Midtfjellsollen har no gått ut. Jan Haslemo og Kåre Skromme har hatt 10 års leigekontrakt sist periode grunna utbetring av fjøsa. Fjellstyret har elles hatt 3 års leigekontraktar. Utleige av nemnde stølar har vært utlyst i Haugesund Avis, og ved oppslag på handelslaget i Røldal. På stølen Midtfjellsollen har vi motteke 2 søknadar, ein frå Kåre Skromme som leigeavtalen har stått på i svært mange år, og ein i frå Jens Markus som fysisk har drive stølen sidan 1990 med både eigne geiter og Skromme sine geiter (de siste 4 åra med kun eigne geiter grunna bl.a sanering). For fjellstyret er dette ei vanskeleg sak. Det er svært positivt at fleire ynskjer stølsdrift, men gjennom møte med leidgetakarane vart det klart at eit vidare samarbeid ikkje er aktuelt.

Utleigar har undersøkt med Statskog og med NFS (Norges fjellstyresamband) om det juridiske, og fekk forståing av at det ikkje var klare retningslinjer for kven som skulle få fornying. Begge etatar meinte det er opp til fjellstyret å avgjera.

VEDTAK :

Røldal fjellstyre ønskjer å ha ei felles utlysing av alle stølane på Haukeli i 2014. Difor vert det i denne omgang gjort vedtak om å tilby 1 års vidare leige til Jens Markus, ettersom han er den som fysisk har drive stølen dei siste åra. Leidgetakar i Hadlene får same tilbod, dvs forlenging av avtale til 2014.

Leigekontrakten er revidert og vert gjort gjeldande frå komande leigesesong.

Sak 22/13 Jaktfri korridor på Røldal Statsalmenninng

Helleik Rabbe
Torleif Fresvik

Ellen Drangevåg
Ingeborg Flynn

SAKSUTGREIING :

Ein viser til ønskje frå dei andre fjellstyra om at også Røldal deltek i arbeidet for oppretta fredingskorridorar for om mogleg å oppnå høgare fellingsprosent under villreinjakta.

VEDTAK:

Følgjande fredningsområde vert foreslått og oversendt Odda kommune for uttale:

Røldal fjellstyre ønskjer å gjera vedtak om å freda eit område som strekkjer seg frå «Snøstonga» ved utfallet på store Urdavatn til Austre Eltaren, og vidare terrenget som ligg aust for denne linja. Dette vil vera ei prøveordning i 1 år. Deretter vil ein evaluera resultatet og ev.gjera endringar for påfølgjande år.

(sjå kartvedlegg).

Sak 23/13 Høyring på forslag til villreinkvote.

SAKSUTGREIING :

Røldal fjellstyre har motteke eit høyringsnotat ifrå Hardangervidda villreinutval. Fjellstyret må ta stilling til om me er einige i grunngjevinga for ein kvote på 7.000 dyr, fordelt på 1.400 (20%) frie dyr, 3.500 (50%) simle/ungdyr og 2.100 (30%) kalv, og om det er rett veg å gå for å nå tidlegere definerte mål, eller om fjellstyret har anna forslag til kvotestørrelse eller fordeling av korttypar. (Sjå heile høyringsforslaget til kvote som tidligere sendt til alle på mail.)

VEDTAK:

Forslaget til kvote på villrein 2013 er godt fagleg grunngjeve, og dokumentert. Forslaget er etter det ein kan sjå, ei vidareføring i arbeidet som tidlegare er vedteke. Å gå imot forslaget, krev mykje fagleg kunnskap og grunngjeving, og må i såfall kome om fjellstyret meiner å sitja på vesentlege opplysingar som ikkje er kome med her. Vedtak vert følgjeleg at Røldal fjellstyre støttar opp om forslaget på 7000 dyr som villreinkvote for hausten 2013, med fordeling av korttypar som skissert over.

Sak 24/13 Søknad om hegne.

SAKSUTGREIING :

Fjellstyret har motteke søknad 10.03.13 pr. mail i frå Havredalen, Tysvær og Skjold beitelag om å få setje opp midlertidig hegne på sørvest-sida av ø. Hellevatnet. Det går fram av mailen med søknad kvifor beitelaga har inngått samarbeid og kvifor dei ynskjer å setje opp ei hegne. Hegna skal brukast under hovedsankinga som i år er frå 05.09 – 08.09.

A.R

T.F

ED

J. Ø.

Vidare skrivr Gunnar Haakull, Skjold beitelag, at sau sanka i området her , vil bli merka og sendt direkte til slakt.

VEDTAK:

Røldal fjellstyre imøtekjem søknaden og tillèt hegne for eit år. Dersom ordninga fungerer tilfredsstillande, vil ein utvide til nye tre år. Deretter vil ein vurdera kvart 3. år framover. Fjellstyret ynskjer at beitelaget vurderar å flytta hegna til Sudskar på lengre sikt.

Sak 25/13 Post og meldingar

- 01.03.13 E-post frå Statens vegvesen v/Roald Sletten til Røldal fjellstyre vedr E 139
04.03.13 Årsrapport frå Hardangervidda fjelloppsyn v/ Georg Gjøstein
07.03.13 Høring villreinkvote Hardagervidda 2013 v/ Svein Erik Lund
08.03.13 Orientering om at vårt innspel til Kaldevatn-opprustninga er sendt vidare til frå Statsskog v K. Aa. Midtmageli.
11.03.13 Søknad om hegne frå Gunnar Haakull(repr. Tysvær beitelag,Havredalen beitelag og Skjold beitelag)
12.03.13 Møtebok frå Øvre Numedal fjellstyre frå møte 11.03.13. v/Hans Jørgen Jahren

Røldal bygdekvinnelag har gjeve tillating til å nytta Handelslagslemen.

Sak 26/13 Ymse


Marknaden:

SNO kan ikkje stille. Fjellstyret leiger lavvo av Nils Åge som sist. Me hjelper til med oppsetjing og nedtakking av lavvo og kostar leige på området. Nils Åge har mulighet til sjølv å driva utsal frå lavvoen.

HR

T. Læif Førde
ED S. J.

Kart over foreslått fredningsområde for Røldal statsalmenning.



Møtereferat Røldal fjellstyre 29.04.13

Frammøtte:

Ellen Drangevåg, Helleik Rabbe, Torleif Fresvik , Ingeborg Øyna og Oddbjørn Lynghammer
(Svein Myrheim har meldt fråfall).

Stad : Biblioteket

Tid : Måndag 29.04.13 kl. 18.00 – 20.30

SAKSLISTE

27/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEPROTOKOLL

28/13 VILLREINJAKT 2013

29/13 SMÅVILTJAKT

30/13 POST OG MELDINGAR

31/13 MOGELEGE ANDRE SAKER

EP

27/13

GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEPROTOKOLL FØRRE MØTE

VEDTAK: Møteprotokoll godkjent.

28/13

VILLREINJAKT 2013

Fylgjande saker var komne inn og handsama i møtet:

A) SØKNAD OM SAMJAKTSAVTALE FRÅ VALDA HA290 OG HA300

Vedtak:

Innanbygdsbuande, med kort på Røldal st.allm, kan nytta HA 290 og HA 300 kort på heile Røldal st.allm. Utenbygdsbuende, med HA290 el HA300 kort, kan jakte på Røldal. st.allm., vest for turistveien.

B) FORSLAG 1. FRÅ STYREMEDLEM : - BREV TIL STYRET FOR BERUNUTEN VEST, OM FELLINGSLØYVE GJEVE FRÅ RØLDAL FJELLSTYRE MOT JAKTAVTALE PÅ DELAR AV BERUNUTEN VEST- OMRÅDET (FORSLAG TIL BREV ER SENDT FJELLSTYRET PR MAIL).

Vedtak:

Røldal fjellstyre sender eit brev der me gjer framlegg om eit samarbeid der jaktkort kan gje inpass for Røldalsjegrane. Dersom samarbeid vert aktuelt, vil ein koma attende til detaljane i den endelige avtalen.

c) FORSLAG 2. FRÅ STYREMEDLEM :- BREV TIL FELLESSTYRET FOR ULLENVANG STATSALLMENNING, OM FELLES JAKTOMRÅDE FOR VILLREINJAKTA 2013 (FORSLAG TIL BREV ER SENDT PR MAIL).

Vedtak:

Røldal fjellstyre ser ingen grunn til å senda over dette forslaget, då ein via kontakt med Ullenvang har fått tydelege signal om at dette ikkje vil verta imøtekome.

ED

D) PRISAR PÅ VILLREINKORT 2013

Vedtak

Prisar for 2013 blir som følgjer:

Bukk	1200kr
Simle/ungd.	800kr
Kalv	400kr

(NB! Simle/ungdyrkort er sett ned med kr 100.- i år.)

Utanbygdsjegrar betalar 1600kr for simle/ungdyrkort og 800kr for kalvekort.

(Utanbygdsjegrar får ikkje tilgong til bukkekort grunna låg bukkekvote.)

Fjellstyret kan selje kort til redusert pris etter 10.sept, dersom mange har fått jakta, og jaktpresset er lågt.

E) KODELÅS PÅ NINIVE.

Kodelås til nøkkel på Ninive vert ordna.

F) NATTEFREDING.

Vedtak:

Komande jaktsesong vert det nattefreding mellom kl. 19.00 og 07.00

Naboterenga har same tidsintervall for nattefreding.

G) TILDELING AV KORT PÅ «SYD»

Fjellstyret vil frå komade haust tildele kort på «Syd» slik at alle har same mulighet til å nå i kort med jamne mellomrom. Dei som får kort eit år kjem nedst på lista dei to neste åra.

(Det er alt ei tilsvarende ordning med rullering av bukkekort på «nord»).

H) TILDELING AV JAKTKORT OG SVARFRIST/BETALING.

Fjellstyret utformar nytt søknadsskjema for villreinkort for utanbygd-søkjrarar. Dette skal, i tillegg til søknaden, innehalda mailadr. + svarfrist /betaligsfrist for dei som ønskjer å løysa ut korta. Svarfrist ca 5 dagar.

E.P

29/13 SMÅVILTJAKT - Prisar /kortsal for komande sesong.

Vedtak:

Sesongkort til innanbygdsbuande fortsatt i papirutgåve i 2013/14.

Elles vert det kortsal via www.inatur.no

Jaktstart: 20 sept.

Prisar:

1 dag:	190kr
2 dagar:	300kr
3 dagar:	400kr
Veke:	600kr
Sesong:	600kr (innandbygds)
Sesong:	1200kr (utanbygds)

30/13 POST OG MELDINGAR

INFOSAKER :

- Som styret er informerte om, mottok vi 25.03.13 brev i frå Odda kommune ang. samansetjing av Røldal fjellstyre. Kommunen hadde fått brev frå Røldal grunneigarlag, som kort fortalt stilte spørsmål om fjellstyret er vedtaksdyktige ved enkelte høve då gitte vilkår om representasjon av "jordbrukarar med allmenningsrett" ikkje kan vera oppfylt. Dette då dei to medlemmene vald under "rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukar", ikkje har varamedlemmer som oppfyller same krava. (Kopi av brev frå kommunen med svar, vart lagt fram på møtet).
- Melding om vedtak i frå Odda Kommune, ang søknad i frå Norsk Hydro produksjon AS om forsterkning av dammar Kaldevatn (vedtaket vart gjennomgått under møtet). Her avventar ein svar frå statsskog.
- Leigekontrakter er sende ut og mottatt i frå Midtfjellsdalen og Nupshadlene.
- Ellen tok, som avtalt sist møte, kontakt med Gjensidige Forsikring for å spørje om ei evt synfaring på fjellstyrehyttar og stølar. Dei ynskte ikkje befaring, av di dei meinte me hadde så god forsikring som ein kunne ha med fullverdiforsikringa vår. Ein fann ut at uthuset ved Eriksbu, og fjosbygningen Nupshadlene ikkje var oppført i forsikringa. Dette er no retta opp, og det er betalt ei tilleggsrekning. Hyttene må kotrollmålast (størrelse)

E.D

POST :

- Mail i frå Hardangervidda Fjelloppsyn. : Skatt Vest har konkludert med at Fjellstyra på Hardangervidda as er ei skattefri verksemد. Vert informert om at ei vedtaksendring må gjerast i høve til utbytte.
- Mail i frå Norges Fjellstyresamband. : Støtte til rekrutteringstiltak. Søknadsfrist 20. mai for å få tildelt midlar som skal brukast på tiltak som bidreg til å rekruttera folk til friluftsliv. Tiltak spesielt retta mot ungdom med minoritetsbakgrunn og funksjonshemma, vil bli prioritert. Røldal fekk tildelt midlar i fjar, og ein må diskutere om det skal søkjast midlar for liknande tiltak i år.

31/13 Mogelege andre saker

Anna:

Søknad om rekrutteringstiltak – fiske/jakt: Ellen skriv søknad.

Sosial helg med div . innhald - sjå an til neste møte.

Revisjon av regneskap – mottatt mange spørsmål frå revisor som ein arbeider med å svara på.

XL –mulighet for å leggja inn etterkvart. Helleik har laga ein fin aksjonslogg for fjellstyret som me vil ta i bruk så snart det let seg gjera.

Tordis Rosi
Ellen Drangevåg
Helleik Røhle

Møtereferat Røldal fjellstyre 21.05.13

TID : Tysdag 21.05.13, kl. 19.00

STAD : Røldal bibliotek

Desse møtte:

Ellen Drangevåg

Svein Myrheim

Odd Inge Tvedt

Morten Nilsen

Ingeborg Øyna.

Randi Legård (sjukemeld, men bisto ved gjennomgang årsmelding og rekneskap)

(*Helleik Rabbe og Torleif Fresvik melde fråfall.*)

SAKLISTE

32/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEPROTOKOLL

33/13 ÅRSMELDING 2012

34/13 REKNESKAP 2012

35/13 POST/MELDINGAR

36/13 MOGELEGE ANDRE SAKER

32/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEPROTOKOLL

Vedtak:

Innkalling og møteprotokoll frå siste møte vart godkjent.

33/13 ÅRSMELDING 2012

Årsmeldinga var send ut pr mail på førehand, og vart i tillegg opplesen på møtet.

Vedtak:

Styret godkjende årsmeldinga .

34/13 REKNESKAP 2012

Rekneskapen vart send ur til styret pr mail forkant av møtet og vart gjennomgått under møtet. Styret hadde berre mindre merknader (nokre mindre summar var ført under feil post og liknande.) Det vert gjennomgång av rekneskapet under møtet, og det skal godkjennast av styret. Gjennomgång av årsrapport og revisjonsmelding.

Vedtak:

Rekneskap for 2012, samt årsrapport og revisjonsmelding vart godkjent.

35/13 POST / MELDINGAR

a. BREV FRÅ VILLREINNEMNDA FOR HARDANGERVIDDAOMRÅDET

Melding om vedtak.

*Nemnda har godteke forslaget på 7.000 dyr med fordeling : 25% frie dyr, 50% simle/ungdyr og 25% kalv.
Dette blir då kvoten for 2013.*

b. BREV FRÅ HYDRO

Informasjon om at Hydro er gjev løyve til tiltak på dammar Kaldevatn, og restriksjoner som dei vil innføra i anleggsesongen. Det gjeld restriksjonar for ferdsel i anleggsområdet, spesielt ved hoveddammen i nord. Det blir ikkje høve til å ha båtar liggjande ved dammane, og ein må ta kontakt med anleggskontor ved utsetjing av båt. Informasjon om at vegen er stengt med bom.

c. LANG TUNNEL HAUKELI

Det er kome spørsmål om Røldal fjellstyre bør senda eit brev til dei aktuelle styresmaktene med ynskje om lang tunnel.

Fjellstyret kjem til å senda eit slikt brev, då ein mellom anna ser det som svært positivt for villreinen om ein slik tunnel vert realisert.

d. BREV FRÅ KRISTIN OG KÅRE SKROMME

Klage på avslag av stølskontrakt. Styret må avgjere om ein ynskjer å oppretthalde vedtaket gjort i sak

21/13, eller om ein ynskjer å behandla saka på nytt. Klager skal ha melding om kva styret vert einige om, og evt opplysast om kven som er rette klageinstans.

Fjellstyret oppretheld vedtaket frå tidlegare. Svar vert sendt til påklagar.

e. MAIL FRÅ JAN HASLEMO

Haslemo ynskjer å setje opp nytt bygg som geitene kan nytte under uver på Nupshadlene. Eksisterande bygg har ikkje plass til alle dyra. Ellen har bede om at søknad med målsette teikningar er klare før møte, då han ynskjer å få opp bygget i 2013. I fylgje Statskog (ved Kristin Midtmageli) er det Røldal fjellstyre som gjer vedtak, som skal sendast Statskog til uttale (i henhold til seterforskriftens Kap.4 §10).

Fjellstyret imøtekjem søknaden, under føresetnad av at standard sakshandsaming mot kommunen vert gjennomført. Fjellstyret ber samstundes om at nabobygget som er likt det som no skal opp, også vert teke med i den kommunale handsaminga dersom bygget ikkje er med i dei kommunale karta. (Dette må sjekkast opp.)

f. MAIL FRÅ RØLDALSMARKNADEN, ved Vidar Lund.

Diverse informasjon, blant anna om endra åpningstid fredag.

Me stiller med kaffi men droppar lappesteikninga.

g. MAIL FRÅ JOHAN VAA

Spørsmål om å kunna nytte heile Urdavatn under garnfiske i veke 36 eller 37. Røldal fjellstyre gjorde eit slikt vedtak i 2012, spørsmålet hans er om det gjeld i 2013 også.

Vedtaket gjeld til det eventuelt vert endra i nytt vedtak.

h. SØKNAD FRÅ RØLDAL FJELLSTYRE til Norges Fjellstyresamband

Styret vart einige sist styremøte om å søkje støtte til rekrutteringstiltak 2013. Ein søkte om støtte til å arrangere ei fjellhelg spesielt retta mot ungdom. Kopi av søknad blir lagt fram under møte.

Det er søkt om 10000kr til tiltaket.

i. OPPSLAG OM JEGERPRØVEN JUNI 2013

I Samband med søknad til rekrutteringstiltak, tok Ellen kontakt med Nils Åge Sandal. Ein vart einige om å hengja oppslag med påmelding til jegerprøven på Handelslaget. Han kunne gjennomføre kurset i juni 2013, viss det var min 5 stk påmelde. Elles vert det ny sjanse seinhaustes dersom fjellstyret ynskjer det.

j. MAIL FRÅ STATSKOG, ved Kristin Midtmageli.

Fått kopi av vedtaket Statskog fattet i mars ang damforsterking Kaldevatn. Denne er send vidare til alle i styret.

36/13 MOGELEGE ANDRE SAKER

Ingen.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård.

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Mandag 24. juni 2013 kl. 18.00 - 20.00

Sakliste:

- Sak 37/13:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 38/13:** Reglar for tildeling av kort på Syd
- Sak 39/13:** Fordeling av villreinkvote 2013
- Sak 40/13:** Utdelingsdag
- Sak 41/13:** Post og meldingar

Sak 37/13: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknader til innkallinga. Møteprotokoll godkjent

Sak 38/13. **Reglar for tildeling av kort på Syd**
Vedtak: Dersom ein jeger blir trekt ut på Syd, får han ikkje vera med i trekning på nytt før etter 3 år.

Sak 39/13: **Fordeling av villreinkvote 2013**
Det var 62 innanbygdssøkjarar på Nord og 41 på Syd. I tillegg var det 3 nybyrjarar. Av utflytte røldøler var det 10 og så var det 62 utanbygds. På Nord var vi tildelt kvote på 288 dyr (72 frie dyr, 144 simle/ungdyr og 72 kalv) På Syd hadde vi fått 11 dyr (2 bukk, 2 simler, 2 simle/ungdyr og 5 kalv) Vedtak: Syd - 6 jegrar blei trekt ut, 1 bukk åleine elles kalv med på dei andre. Nord - Alle innanbygds jegrar får 1 fritt dyr, 1 simle og 1 kalv, nybyrjarane får 1 simle gratis. Alle utflytte røldøler får 2 simler og dei 20 første uttrekte utanbygds får og 2 simler.
Dei resterande frie dyra kan kjøpast av innanbygds etter uttrekt reserveliste.
Dei resterande simle- og kalvekorta kan kjøpast av alle uttrekte jegrane.

Sak 40/13: **Utdelingsdag villreinkort 2013**
Vedtak: Det blir utdeling av jaktkort søndag 4. august. Informasjon kl. 18.30 og utdeling kl. 19.00. Dei som ikkje tek imot tildelte kort, må gje beskjed innan 1. august. Jegrane må ta imot tildelt kvote.
Randi hengjer opp liste på Handelslaget og Ellen sender melding til dei uttrekte utanbygds-jegrane.

Sak 41/13: **Post og meldingar**
Det var kome melding frå kommunen om at reserve for Randi Tokheim Legård var bytta frå Ingeborg Øyna til Nils Gunvald Hamre. Dette var på grunn av ein klage frå Grunneigarlaget i Røldal.

Randi T. Legård (ref.)

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård.

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Grendahus

Tid: Søndag 4.august 2013 kl. 18.30 - 21.00

Sakliste: **Sak 42/13: Utdeling av jaktkort**

Sak 42/13: Utdeling av jaktkort

Ellen og Torleif informerte først om dei nye reglane for jakta med fredningssoner og nattefredning. Deretter litt om fiskeregler.

Så vart det opna for spørsmål og deretter kunne utdelinga av jaktkort ta til. Det var nokre som ikkje tok imot korta sine slik at etter utdelinga hadde vi kort av alle typar igjen for salg utover i jakta.

Randi Tokheim Legård (ref)

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim (kom kl.19.00), Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Torsdag 17.10 -13 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste: **Sak 43/13:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Sak 44/13: Oppsummering villreinjakta 2013

Sak 45/13: Fjellstyrehytten

Sak 46/13: Stølane

Sak 47/13: Post og meldingar

Sak 48/13: Eventuelt

Sak 43/13: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknader til innkallinga. Møteprotokoll godkjent

Sak 44/13. Oppsummering villreinjakta 2013

Fellingsprosent på Nord var 29,51% og på Syd 54,54 %

Statistikk over felte dyr ligg som vedlegg.

Det var lite folk i fjellet, spesielt lite utanbygds.

Fredningskorridorar hadde positiv verknad.

Sak 45/13: Fjellstyrehytten

Saksutgreiing:

Ninneve : Sjekket og låst (av Ellen) 10.10.13. Den nye kjøkkeninnredningen så veldig bra ut, og hytten fremstod som ren og trivelig. I tillegg til jobben Annfinn Lynghammer og Frode Lykkebø har gjort med kjøkkenavdelingen, har Vibeke Lynghammer vært med på dugnadsjobben og blant anna bytt til nye gardiner i alle rom. Døren som fikk skade ved innbrudd i fjor, er fikset igjen. Takk til alle tre!

Listen over overnatting viser at hytten blir nytta ofte av utenbygds når den står åpen. Vanskelig i forhold til nok ved og gass til jakta. Foreslår at den forblir låst.

Mulige tiltak : Bygd oppbevaringsbokser i yttergang her også ? Matskap ? vinduene utvendig så ut til å trenge skraping og maling.

Eriksbu : Sjekket og låst (av Ellen) 29.09.13. Stod mye mat igjen (og råtne egg i en plastboks).

Mulige tiltak: I følge Torleif er batteriet flatt, og det må kanskje byttes solcellepanel også.

Gamlebua : Sjekket og låst (av Atle) 30.09.13. Det ble lagt nytt takbelegg (Sanafil) på nordsiden av taket siste uken før jaktstart. Lagt av Bernt Løland og Oddvar Øvregård. Torven er kommet på plass og de har ryddet og ordnet rundt hytten etter byggearbeidet. Nå har hele taket Sanafil belegg,, og nye vinduer ble satt inn i vår. Veldig bra, stor takk til begge to! Listverket rundt vinduene ute ble malt grå, og gulvet i stuen og kjøkken har blitt skrapet og malt med 2 strøk (Ellen). Kjell Olav Saltvold malte i vindfangen.

Mulige tiltak : Utedo er helt til nedfalls. Vurdere å bygge nytt uthus med lagerplass for bl.a. ved og boss. Må ha en annen plassering enn eksisterende do, den blir totalt nedsnødd hver vinter. Dør til steinbu må utbedres. Ett strøk til med maling på yttervegger og vinduer. Kjøpes inn maling til listene rundt vinduene inne, og gulvmaling til yttergang.

Forslag til vedtak:

Sette opp liste over det styret blir enige om må utbedres/ gjøres i 2014.

Forslag til utbetringar:

Ninnive:

- Bygga oppbevaringsboksar og matskåp i gangen

Eriksbu:

- Flytta gassen ut i gangen og kjøpa gassovn med steikeovn

- Skifta batteri

- Slipa og lakka golv

- Tømma do

Gamlebua:

- Vaska

- Måla

- Byggja nytt uthus med do og plass til ved

- Dør til Steinbua

- Utbeta Steinbua til ei lita overnattingsbu med ein liten ovn

-

Sak 46/13: Stølane

Saksutgreiing

Nupshadlene og Midtfjellsvollen ble uteid for bare 1 år i fjor, så alle leieavtalene på alle stølene går ut i år. De må lyses ut før nyttår, så det blir avklart tidlig hvem som får leieavtaler fra neste år. Det har vært vurdert å leie stølene ut for 10 år av gangen, da finnes det mer støtteordninger for tilskudd til bl.a.

Forslag til vedtak

Helleik og Ellen jobbar med uteleieavtalene (og varighet på avtalene) og legger frem forslag til styret. Svein og Helleik vurderer stølshusa, og hva som må komme med i avtalene under vedlikehold og utbedringer.

Vedtak: Forslaget vart vedteke. Ellen tek kontakt med Helleik og avtalar møte med han.

Flytting av støl:

Haslemo ønsker å få eit svar frå oss korleis vi stiller oss til denne saka.

Dette må vi laga sak på.

Sak 47/13: Post og meldingar

- a) Brev frå Odda Kommune angåande fredningskorridor
- b) Brev frå Statsskog om bruksendring på Kaldevatnet frå naust til hytte
- c) Innbyding til Seterseminar 12. -13. november
- d) Haustumøte på Geilo 29. -30. november
- e) Tjerand Nybø og Kjell Olav Saltvold ynskjer oppbevaringsboks i Gamlabua
Nybø har førsterett
- f) Fisking i Uravatnet: Johan Vaa har fiska 125 kg
- g) Fiskereglar - Torleif jobba med forenklingar
- f) Vegen i Dyrskar som vi fekk av Vegvesenet. Ta kontakt med Statsskog som eigar kva dei vil gjera med den.
- g) Det vart gjeve eit gåvekort på 500,- kr til Røldalstrimmen.
- h) Det vart kjøpt blom til Magnus sin 70-årsdag

Sak 48/13: Eventuelt

Det vart avtalt nytt møte rundt midten av november

FELLINGSTATESTIKK FRÅ RØLDAL FJELLSTYRE 2013

Tot. 288 stk kort	Innenbygds Fritt dyr	Innenbygds Simle/ungd	Innenbygds Kalv	Utflytta Røl Simle/ungd	Utenbygds Simle/ungd	Antall dyr
Felte dyr	36	19	13	2	15	85
Ikkje felt	32	34	37	14	28	145
Til sammen	68	53	50	16	43	230
Kort som mangler :					2	2
Kort som ikkje ble solgt :						
Fritt dyr	4	Simle/ungd 30	Kalv 22			56
Tildelt kvote 2013 tot. :	72	144	72			288

FELLINGSPROSENT FOR RØLDAL STATSALLMENNING 2013, NORD, ER PÅ: 29,51 %

ANTALL FELTE HANN OG HODYR, NORD

	KALV	1 1/2 ÅR	2 1/2 + ELDRE	I ALT
HANNDYR	6	9	36	51
HODYR	7	5	22	34
I ALT	13	14	58	85

ANTALL FELTE HANN OG HODYR, SYD

	KALV	1 1/2 ÅR	2 1/2 + ELDRE	I ALT
HANNDYR	2		2	4
HODYR			2	2
I ALT	2		4	6

FELLINGSPROSENT SYD : 6 FELTE DYR AV KVOTE PÅ TOT. 11 DYR, GIR 54,54 %

TALLA UNDER VISER PROSENTVIS FELTE DYR AV DE SOLGTE KORTA (DEI KORTA VI IKKJE SELDE, ER IKKJE MED I REGNSTYKKET) NORD

Innenbygds Fritt dyr 50 %	Innenbygds Simle/ungd 35,84 %	Innenbygds Kalv 35,13 %	Utflytta Røldøler Simle/ungd 12,50 %	Utenbygds Simle/ungd 33,33 %
---------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------	--	------------------------------------

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi Tokheim Legård

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Torsdag 21. november 2013 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste: **Sak 49/13:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Sak 50/13: Haustmøtet 29.11 - 30.11

Sak 51/13: Fiske og fiskeregler

Sak 52/13: Kjøp av ny PC

Sak 53/13: Gamlebua (informasjonssak)

Sak 54/13: Post og meldingar

Sak 55/13: Mogelege andre saker

Sak 49/13: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknader til innkallinga. Møteprotokoll godkjent.

Sak 50/13: Haustmøtet 29.11 - 30.11

(Innkallinga og saker til møtet var sendt ut på mail)

Torleif reiser for Villreinutvalget og Ellen for Fjellstyra på Hardangervidda

Ingen kommentarar til saklista.

Sak 51/13: Fiske og fiskeregler

Torleif informerte ein del først

Vedtak: Vi legg stangfiskekorta ut på INatur og bruker dei gamle blokkene til garnfiskekort.

Vidare vil Torleif laga utkast til søknad til Fiskefondet om tilskot til utsetting av fisk i fisketomme vatn. Torleif jobbar og vidare med nye fiskeregler

Sak 52/13: Kjøp av ny PC

Den gamle som Ingebjørg kjøpte er utgått på dato.

Vedtak: Ellen kjøper ny PC med nødvendig programvare

Sak 53/13: Gamlebua (informasjonssak)

Forslag til byggeteikningar og søknader vart presentert.

Vi gjekk inn for dei utarbeidde teikningane og går vidare med søknader.

Helleik og Ellen jobbar vidare med dette

Sak 54/13: Post og meldingar

a) Haslemosaka. Ellen informerte om kor vi står og kva som må gjerast før vi kan ha det opp som eiga sak.

Ellen gjev tilbakemelding til Haslemo at Fjellstyret er positive til prosjektet
b) Rypejakt/rypeforvaltning

Skal vi freda rypa i Statsalmenningen slik Berunuten har gjort og Rauland vurderer å gjera? Torleif og Ellen sjekker med andre fjellstyre på Haustmøtet og så må det i tilfelle utgreiaast og takast opp som eiga sak på neste møte.

c) Brev frå Statens Landbruksforvaltning (Endeleg avgjersle ang. overføring av seter etter fjellova § 21 etter klage frå Kristin og Kåre Skromme.)

d) Brev frå DNT med varsel om revarding og merking av ruta Middalsbu - Reinsnos

e) Møtereferat frå Rauland Fjellstyre (Sendt ut på mail)

- f) Statsbudsjettet (Sendt ut på mail)
- g) Xreid- arrangement over Hardangervidda (Sjå referat sendt på mail frå Numedal Fjellstyre der dei hadde dette opp som sak)

Sak 55/13: Mogelege andre saker

- a) Overføring av kommunale vegar til private
Helleik informerte om at dersom dette skjer for Valldalsvegen, vil det koma bom ved Gamle Ysteriet.
Her bør fjellstyret engasjera seg og stilla på eit eventuelt møte med diverse berørte. (Røldal Grunneigarlag, DNT, Beitelaget, Røldal Fjellstyre, event. og Odda/Ullensvang Fjellstyre)
- b) Purrebrev ang. nøkkel til Kaldevatnbommen.

Randi T. Legård (ref)